



Fylkesmannen i Hordaland
Postboks 7310
5020 Bergen

Referanser:
Dykkar:
Vår: 15/4239 - 16/12478

Saksbehandlar:
Siril Therese Sylta
SirilTherese.Sylta@lindas.kommune.no

Dato:
09.05.2016

Oversending av vedtak til klagehandsaming - gbnr 139/7 Tveiten nedre

Informasjon:

Gbnr: 139/7

Eigar: Yvonne og Ola Johannes Jordal, representert ved Kåre Jordal

Saka gjeld søknad om dispensasjon for oppføring av landgang og kai. Det har tidlegare vore søkt om byggeløyve for kai på ca. 11 x 3,5 meter og gangveg på 5,5 meter. Etter administrasjonen si vurdering den gongen ville ein samanhengande trekonstruksjon på ca 16 meter (kai og gangveg) langs sjøen i dette området, verke dominerande i landskapet, og vore svært synleg både frå sjø og land. Vidare var vurderinga at ein trekonstruksjon er dårleg tilpassa dei naturlege omgjevnadane, som er berg og naturleg vegetasjon.

Plan- og miljøutvalet avsla søknaden om å få byggja ein ny, lengre kai, men gav dispensasjon til utbetring av eksisterande kai som kunne utvidast til max 8 m under føresetnad at kaien vart tilpassa lokal byggjeskikk, og at farge på tiltaket vart tilpassa naturen omkring i møte den 22.05.2013.

Det vart søkt om dispensasjon og byggeløyve for kai på ca. 8 x 3,5 meter i søknad datert 23.12.2015. I søknaden er det og vist gangveg på 8,5 meter. Utstrekninga er den same som tidlegare.

Eigedommen ligg innafor kommunedelplan for Knarvik- Alversund. Eigedommen ligg i LNF-område, der landbruk er dominerande. Arealet i sjø er vannareal for alment friluftsliv. Eigedomen ligg innanfor 100 meters beltet mot sjø.

Det vart gjeve avslag på søknad om landgang og kai av Plan- og miljøutvalet i møte den 16.03.2016:

«Søknad om dispensasjon for oppføring av kai og landgang vert avslått med heimel i plan- og bygningslova (pbl.) § 19-2 jf. §§ 11-6 og 1-8.»

Post

postmotak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 1503 22 54567
Org.nr. 935 084 733

DER DRAUMAR BLIR RØYNDOM



Tiltakshavar, Kåre Jordal på vegne av Yvonne og Ola Johannes Jordal, har i brev datert 06.04.2016 klaga på vedtaket.

Klagen vart handsama av Plan- og miljøutvalet i møte den 27.04.2016, der Lindås kommune sitt vedtak datert 16.03.2016 vart oppretthaldt og klagen ikkje tatt til følgje.

Det er kome inn tilleggsskriv til klagen i brev datert 04.05.2016, som i hovudsak gjeld at Plan- og miljøutvalet ikkje var på synfaring på eigedommen i samband med sakshandsaminga si. Plan- og miljøutvalet har ikkje funne grunnlag for å foreta synfaring i denne saka.

Saka vert sendt til Fylkesmannen i Hordaland for endeleg avgjerd. Saksframlegg med vedlegg er vedlagt. Øvrige sakedokument er å finna her:

http://innsyn.sing.no/Lindas/innsyn/wfinnsyn.ashx?response=arkivsak_detaljer&arkivsakid=2015004239&

Spørsmål i saka kan rettast til sakshandsamar Siril Sylta på e-post siril.sylta@lindas.kommune.no eller på telefon 56 37 51 62.

Med helsing

Siril Therese Sylta
avdelingsleiar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Klage på avslag på søknad om oppføring av landgang og kai - gbnr 139/7 Tveiten nedre

Søknad om dispensasjon - gbnr 139/7 Tveiten nedre

Fullmakt

Søknad om endring av gitt løyve

Teikningar

Oversending av dispensasjonssøknad til uttale - gbnr 139/7 Tveiten nedre

Uttale vedk dispensasjonssøknad om endra kailøsning - gbnr 139/7 Tveiten nedre

Uttale til dispensasjon for byggeløyve for kai - gbnr 139/7 Tveiten nedre

Uttale - Lindås - Gnr 139 Bnr 7 - Tveiten nedre - Dispensasjon for byggeløyve for kai

Avslag på søknad om dispensasjon for oppføring av ny kai og landgang - gbnr 139/7 Tveiten nedre

Klage på avslag på søknad om dispensasjon - gbnr 139/7 Tveiten nedre

Klage på handsaming av sak 45/16 i plan- og miljøutvalet - gbnr 139/7 Tveiten nedre

Kopi til:

Kåre Jordal

Yvonne og Ola Johannes Jordal

Klokkarstien 22

5911

ALVERSUND

Mottakarar:

Fylkesmannen i Hordaland

Postboks 7310

5020

Bergen